



Norges Vassdrags og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 OSLO

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Uttale til høyring Siragrunnen vindkraftverk, Rogaland og Vest-Agder fylker

I medhald § 2.1 i energilova med vurdering etter § 1, §§ 8-12 og 49 i naturmangfaldlova, fremjer Fylkesmannen i Rogaland motsegn til dei tre alternativa søknad om vindkraftanlegg på Siragrunnen. Fylkesmannen legg vekt på:

- a) Siragrunnen ligg midt i hovedtrekk-område for mange ulike fugleartar, fleire av dei er ansvarsartar og truga. Fokksteinane naturreservat er eit viktig hekkeområde for mellom anna havhest, jfr. naturmangfaldloven § 4 og §5, og § 49. Det er knytt stor uvisse til følgjene for fuglelivet, jfr. § 9 i naturmangfaldloven.
- b) Siragrunnen er eit nasjonalt verdifullt natur- og kystkulturlandskap, med rike og særprega kulturminnemiljø og opplevingskvalitetar, jfr. naturmangfaldloven kap. 1 (formål og virkeområde). Støy vil vera ei utfordring for bumiljø innanfor.
- c) Det grunnmarine området Siragrunnen, med prioriterte og sær artsrike marine biotopar med stortare og rev, er viktig for fiskeria, jfr. § 5 i naturmangfaldlova. Følgjene for desse verdiene er for lite kartlagde og gjort greie for, jfr. § 9, 11 og 12 i naturmangfaldlova.

### Bakgrunn for søknaden

Fylkesmannen i Rogaland syner til brev av 12.11.2012, der NVE sender på høyring søknad om Siragrunnen vindkraftverk med tilhøyrande nettiknyting. Frist for uttale er sett til 10.02.2013. *Siragrunnen Windpark AS* søker konsesjon i medhald av energilova. Søknaden er med konsekvensutgreiling.

Det føreligg 3 alternativ:

- V1 med 40 turbinar (hovudalternativ) – maks høgde 153 m
- V2 med 67 turbinar – maks høgde 135 m
- V3 med 25 turbinar – maks høgde 215 m

Dei tre alternativa har ulik maks-høgde på møllene og får ein installert effekt på max. 200 MW. Berekna årsproduksjon av energi er oppgitt til 728,4 GWh.

Anlegget vil omfatte ca 40 km<sup>2</sup> utanfor Åna-Sira, Jøssingfjorden (Rogaland) og Flekkefjord (Vest-Agder). Ved Åna-Sira er anleggsområdet nærest land (ca 900 meter). Ved utløpet av Ånafjorden er det drøyt 6 km frå land. Aktuelt djup på Siragrunnen er mellom 10 – 40 meter. Turbinane skal være botnfaste, med internkabler.

Fylkesmannen syner til dei tematiske konsekvensutgreiingane som ligg til grunn for søknaden, som KU for naturmiljø og verneinteresser, inngrepsfrie område, marinbiologi/fiskeri/havbruk, kulturminne og kulturmiljø, reiseliv og friluftsliv, landskap, støy, og nettilknyting. Vurderingane er gitt frå særstak positiv konsekvens til særstak negativ konsekvens. Følgjande tema er gitt størst negativ konsekvens; terrestrisk biologisk mangfold (herunder fugleliv), landskap, kulturminne og kulturmiljø, havbruk og fiskeri.

## Fylkesmannen sine vurderinger

Søknaden er vurdert ut frå fagansvaret vårt innan naturverdiar og landskap, støybelastning, kulturmiljø, kraftforsyning og samfunnstryggleik. Naturmangfaldlova med § 1, bevaringsmål for artar og økosystem i §§ 4 og 5, bærekraftprinsippa §§ 7 – 12 og § 49 er lagt til grunn.

### Moglege følgjer for fugleliv

I tematisk KU-rapport er nettilknyting sett til middel negativ for alternativ N1, medan alternativ N2 er sett til ubetydeleg til liten negativ. Samla for alle alternativa er konflikten vurdert som middels til stor negativ. Alternativt med kabel framfor luftstrekk er rekna som mindre konfliktfylt.

Skade på fugl skjer ved kollisjon med vindturbinar og kraftliner. Dette gjeld ei rekke fugleartar innan rovfugl, hønsefugl (på landsida), sjøfugl og vadefugl, samt spurvefugl.

Det ligg føre mangeårige teljingar av dagtrekkande fugl gjennom området Siragrunnen (*Miljøfaglig Utredning AS, og Grimsby Naturtjenester*), jfr. naturmangfaldloven (NML) § 8. Det massive fugletrekket langs kysten er og dokumentert ved Lista fuglestasjon sidan 1990.

Anleggsområde i sjø vil ligge i ein av dei viktigaste trekk-korridorane nasjonalt og internasjonalt for ei rekke fugleartar, med særstak store tal. Eksisterande teljingar gir minimumstal, i og med at det nok ikkje er teljing om natta, i periodar med dårlig sikt, og i viktige månadar av vår- og hausttrekk. Kartleggingar frå Lista fuglestasjon tyder på at kystlandskapet på makronivå (Lindesnes – Lista) fører til ein konsentrasjon av vår-trekkande fugl i korridoren langs kysten Flekkefjord – Eigersund, før dei spreier seg mot hekkeområde vidare nordover. Tilsvarande vil hausttrekket gå over Siragrunnen, før fuglane bøyer av ved Lista og spreier seg langs ulike ruter utover sjøen. Utbygging av eit nær 10 km belte med vindkraftturbinar på Siragrunnen vil såleis kunne ha store irreversible følgjer for fuglelivet, jfr. §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova.

Fylkesmannen er spesielt uroa for ringgås og dei ulike lom-artane. Store delar av internasjonal bestand (Svalbard/Grønland-populasjonen) av ringgås trekker på våren gjennom den aktuelle korridoren. Tusentals lomar av artane smålom, storlom, gulnebbblom og islom har trekkkorridør gjennom det omsøkte anleggsområdet i sjø.

Likeeins vil trekkande og overvintrande artar som alke, alkekonge og til dels også lomvi (sterkt trua), jo-artar, dykkender og vadefugl, truleg få store tap ved kollisjon med turbinane, ikkje minst i mørke. Anlegget vil også utgjere ein trussel mot lokalt hekkande havørn.

Vi syner og til Fokksteinane naturreservat (avstand ca 1400 m) som viktig hekkeområde for i første rekke koloniar av havhest (som er raudlista og den sørligaste kolonien), toppskarv, sildemåke og gråmåke. Hekkebestandane nyttar Siragrunnen som område for næringssøk. Naturmangfaldlova § 49 seier at dersom verksemder som treng løyve etter anna lovverk vil påverke verneverdiane i eit verneområde, så skal desse verdiane tilleggast vekt ved avgjerd om løyve og fastsetting av evt. vilkår.

Seinare år har det blitt større fokus på ulike artar flaggermus, der fleire av desse ser ut til å vere i tilbakegang nasjonalt og internasjonal. Her er kunnskapsgrunnlaget därleg, men dei ser ut til å følgje mykje av dei same trekkrutene som fuglar.

For fleire av dei raudlista artane vil det omsøkte anlegget kunne gje bestandsmessige følgjer, og såleis komme i strid med forvaltningsmål for artane § 4 i NML. Det er internasjonalt framleis stor uviss om følgjene av vindkraftanlegg for dei ulike artsgruppene; så som trekk-høgde under ulike vær-tilhøve, endra trekk-korridorer, artspesifikke variasjonar, type anlegg med meir. Det er lite sannsynleg at fuglane vil vera i stand til å venne seg til like anlegg. Føre-var-prinsippet § 9 i NML vil ut frå denne uvissa måtte vektleggast tungt i vurderingane om konsesjon. Vi gjer og merksam på at Noreg har ratifisert Bonnkonvensjonen (Conservation of European Wildlife and Natural Habitats).

Tiltakshavar gjer framlegg om avbøtande tiltak, til dømes stans av turbinane i sårbare trekk-periodar (jfr. § 11 i NML). Fylkesmannen kan vanskeleg sjå korleis dette kan praktiserast på ein tilstrekkeleg treffsikker og samstundes rekningsvarande måte i høve dei mange artane og utstrakte trekkperiodar.

## Landskap og landskapsoppleveling

Landskap er mellom dei verdiane med størst negative følgjer i utgreiingane til søknaden. Samla verknadar av anlegget for alternativ V1 er sett til middels negativ, alternativ V2 middels til stor negativ og alternativ V3 liten til middels konsekvens. For nettilknyting er alternativ N1 gitt middels til liten negativ konsekvens, mens alternativ N2 er sett til ubetydelig/ingen konsekvens.

Rogaland fylkeskommune utarbeidde i 1996 rapporten *Vakre landskap i Rogaland*, der kystområda Jøssingfjord og Sogndalstrand er gitt høgaste verdi (nasjonal interesse). Kysten mellom Åna Sira og Jøssingfjord er gitt verdien "høg landskapsverdi/fylkesinteresse". Rapporten rår til at dette opne hei- og kystområdet vert halde fritt for inngrep og at den vide havutsikten vert teken vare på.

Sogndalsstrand er rekna som nasjonalt verdifullt kulturlandskap (Naturbasen). Naturtypen kysthei dekker store areal langs kysten, med kategori *særs viktig* i Naturbase. Tilsvarande er desse kystnære heiområda vurdert som særs viktige, med høg prioritet i Fylkesdelplan FINK frå 2003.

Vi vil og peike på det nasjonalt eigenarta landskapet av bergarten anorthositt langs denne kysten, er sjeldsynt i utforming som eit "månelandskap", og med stor opplevingsverdi. Dette utgjer også grunnlag for satsing på MagmaGeopark i regionen.

Fylkesmannen meiner Siragrunnen vindkraftanlegg i høg grad vil påverke landskapsopplevelinga langs kysten; og at konfliktvurderinga heller ligg på høg enn middels negativ.

”Havlandet” – den ytterste landstripa i kontakt med havet - vil bli sterkt påverka. Det vil og opplevinga av kysttheia bakom.

Anlegget vil også påverke det største samanhengande INON-området (sone 2) langs ytre kysten i Rogaland og Vest-Agder.

Vi seier oss samde i tematisk KU som graderer middels til stor negativ konsekvens for det freda kulturmiljø i Sognadalstrand, kystmiljø i Nesvåg, og i verneverdig miljø på Løyning og Sanden. Desse kystnære bu- og fritidsområda, med sitt kulturelle sær preg og tilnærma fråver av støy, bidreg i høg grad til å gjere denne kysten til ei stor og særprega oppleving, med betydeleg reiselivspotensiale. Vi syner i så måte til fleirårig satsing på turløyper, den etablerte Magma Geopark, og tilrettelegging for opplevingsverdiar ved ei rekke særprega del-område. Tematisk KU har berre i avgrensa grad nyttiggjort seg eksisterande bøker og informasjon som synleggjer verdiane. Desse verdiane, gjennom nærleiken til turbinområdet, vil bli klart svekka ved utbygging som planlagt.

Fylkesmannen syner i denne samanheng til Den europeiske landskapskonvensjonen, godkjent av Noreg i 2001. Mellom anna vektlegg konvensjonen ei heilskapleg tilnærming til landskap, der det naturgeografiske og kulturhistoriske skal vektleggast i tillegg til det romlig-visuelle. Vi etterlyser ein betre utgreiing av korleis vindturbinane i drift faktisk vil bli opplevd av lokalbefolkinga spesielt, men også i høve regionale friluftsinteresser og i reiselivssamanheng, jfr. § 1 og § 8 i naturmangfaldlova. Vi har klart inntrykk av at dette er underkommunisert i prosessen så langt.

Vi vil og peike på allereie gitt konsesjon til omfattande vindkraftanlegg på Tellenes i Sokndal kommune (november 2012). Dette er den største enkeltkonsesjon til vindkraft som er gitt i Rogaland. Ved utbygging også av Siragrunnen vil den samla verknaden på det regionale opplevingslandskapet i sørlege Rogaland slå vesentleg uheldig ut.

## Støy

Vi saknar ei betre framstilling av total lydeffekt ved dei ulike alternativa. Vi er spesielt uroa over støybelastning i nokre del-område med busetnad, så som Åna. Tematisk KU syner at både alt. V1 (40 turbinar) og V2 (67 turbinar) vil medføre at nokre område på land vil få en støybelastning på 40-45 desibel. Støy på 40 desibel vil vere tydeleg for lokalbefolking, avhengig av grad av landskapskonvergens/”skyggeeffekt” og interferens av turbin-støy. Vi legg til grunn at betre støybereking vil bli gjort, her under moglege avbøtande tiltak (jfr. § 12 NML) for busetnad og fritidsbygg. Støybereking av alternativ V3 manglar i KU og kan ikkje vurderast i denne uttalen.

## Marint miljø

Vi syner til tematisk KU, der alle alternativa blir vurdert å ha middels negativ konsekvens. Spesielt fiske med garn på Siragrunnen vil bli svært negativt påverka. Nettilknytinga er vurdert å ha liten negativ konsekvens i samband med anleggsfasen, og ubetydelig/ingen konsekvens i driftsfasen. Vi er kjende med at Fiskeridirektoratet region sør som fagetat gir uttale til søknaden. Vi vil likevel peike på følgjande tilhøve i forhold til marint naturmangfold:

I Naturbase er Siragrunnen-Hausen vurdert som eit potensielt svært viktig større stortare-område. Marint biologisk mangfold er kjent for å vere uvanleg høgt knytt til denne biotoptypen, med stor

verdi som beiteområde også for sjøfugl og fisk, jfr. § 5 i NML (forvaltningsmål for naturtypar og økosystem).

Siragrunnen elles er kjent som eit historisk viktig gyte- og oppvekstområde for hummar og fisk. Erfaringsbasert kunnskap frå kystfiskarane skal vektleggast etter § 8 i NML. Store fiskeri-interesser er knytt til naturlege rev i området som er sårbare for inngrep. I fagrapporten *Helhetlig forvaltningsplan for Nordsjøen og Skagerak* (KLIF 2012) blir Siragrunnen av desse grunnane definert som ”særlig verdifullt område”.

Ifølgje KU inneber planane graving/sprenging av opp til 70 km grøfter for kabling mellom turbinane. Dette er vesentlege inngrep i det marine miljøet, med uklare følgjer for botn-biotopar. Vi finn ikkje at KU i tilstrekkeleg grad sannsynleggjer at etablering av kunstige rev kan kompensera for dei botninngrepa som skal gjerast, inkludert dei praktiske følgjene for utøving av ulike typar fiske. Følgjer for anadrome laksefisk er berre omtalt i avgrensa og usikker grad i KU.

Samla sett framstår Siragrunnen med dagens kunnskap som eit viktig område for marint biologisk mangfold (§§ 8 og 10 NML). Det grunnmarine revet og stortareskog utgjer eit potensialet for svært store biologiske verdiar, som ikkje er nærmare kartlagt (Jfr. § 9 og 11 i NML)

## **Regional kraftforsyning og samfunnstryggleik**

Fylkesmannen skal også vurdere planen i ein meir overordna samanheng knytt til behov for kraft, fornybar kraft som klimatiltak, og samfunnstryggleik.

Fylkesmannen ser at utbygging av Siragrunnen vil kunne ha viktige økonomiske ringverknader i aktuelle kommunar, gjennom stipulert ca 1 milliard innvesteringar med lokal/regional verknad, 12 - 15 regionale/lokale årsverk til drift og vedlikehald, og eigedomsskatt til Sokndal. KU vurderer samla sett verknaden for kommunal økonomi stor til meget positiv for Sokndal, mens for næringsliv og sysselsetting middels positiv i anleggsfasen, og liten positiv i påfølgjande drift.

Dei 13 konsesjonane til vindkraft som til no er gitt i Rogaland for perioden 2004-2012, vil gje eit samla produksjonspotensiale på 2028 GWh (3 er til klagehandsaming i OED). I tillegg kjem 6 demo-anlegg. I tillegg er 23 vindkraftprosjekt til handsaming i NVE, samla med potensielt 5,4 TWh. Slik sett vil overordna målsettingar for Rogaland i energi/klimaplan (FK, 2010) langt på veg vere innan rekkevidde. Talet vil i tillegg supplerast av til dømes mindre konfliktfylte prosjekt (jfr. Fylkesdelplan for vindkraft) som Helleheia og Tellenes i Sokndal/Lund, og Svåheia og Egersund i Eigersund kommune. Vidare er det meldt fleire til dels kontroversielle prosjekt som ikkje er sendt på høyring enno.

Målet om 4 TWh ny, fornybar energi frå Rogaland innen 2020 vil utgjere heile 30% av den nasjonale målsettinga for slik kraft. Vasskraftproduksjonen i Rogaland tilsvarer i dag om lag 10 % av nasjonal produksjon.

Nord-Jæren spesielt har som kjent vesentlege utfordringar knytt til sikrare kraftforsyning. Utfordringane er særleg knytt til redundans og kapasitet i overføringsnettet, ikkje til manglande lokal og regional produksjon. Utan å gå nærmare inn i vurdering av bruk av kraft frå Siragrunnen, legg vi til grunn at Lyse Energi sine planar om forsterka overføringsliner Lysebotn – Støleheia (Stavanger) vil imøtekommе viktige kraftsikringsbehov.

Vi vil også peike på store potensielle utbyggingsområde langt til havs på Utsira Nord og Sørlige Nordsjø. Desse er utan dei konfliktane som er knytt til nære kystområde som Siragrunnen (NVE 2012: HAVVIND Strategisk konsekvensutgreiing).

Fylkesmannen i Rogaland vil på dette grunnlaget hevde at fylket allereie ligg an til meir enn å oppfylle regionale og nasjonale målsettingar om kraftproduksjon, også utan utbygging av Siragrunnen. I ei samla vurdering må dette vege tungt i høve dei etterkvart omfattande inngrepa som utbyggingane inneber i fylket vårt.

## Konklusjon

Etter ei samla vurdering, inkludert kraftdekning og samfunnstryggleik, finn Fylkesmannen i Rogaland overvekt av negative konsekvensar for vindkraftutbygging på Siragrunnen. Fordi utbygging er sterkt i strid med nasjonale og regionale landskaps- og naturverdiar, og i medhald § 2.1 i energilova med vurdering etter § 1, §§ 8-12 og 49 i naturmangfaldlova, fremjer Fylkesmannen i Rogaland **motsegn** til dei alle dei tre omsøkte alternativa. Viktige element i vår vurdering er:

- Det grunnmarine området Siragrunnen, med prioriterte og sær artsrike marine biotopar med stortare og rev, er viktig for fiskeria, jfr. § 5 i naturmangfaldlova. Det er mangelfull kartlegging, og følgjene for verdiane er såleis gjort for lite greie for, jfr. § 9, 11 og 12 i naturmangfaldlova.
- Siragrunnen er eit nasjonalt verdifullt natur- og kystkulturlandskap, med rike og særprega kulturminnemiljø og opplevingskvalitetar, jfr. naturmangfaldloven kap. 1 (formål og virkeområde).
- Siragrunnen ligg midt i hovedtrekk-område for mange ulike fugleartar, fleire av dei er ansvarsartar og truga. Det er knytt stor uvisse til følgjene for fuglelivet, jfr. § 9 i naturmangfaldloven.
- Fokksteinane naturreservat er eit viktig hekkeområde for mellom anna havhest jfr. naturmangfaldloven § 4 og §5, og § 49.
- Støy vil vera ei utfordring for bumiljø innanfor.

Vi vurderer alternativ V3 (25 turbinar á 8 MW) til å ha minst negative følgjer, men høgdane på turbinane og støy er svakt konfliktvurdert. Alternativ V2 (67 turbinar á 3 MW) har størst negative følgjer.

Med helsing

Tora Aasland  
fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Per Kristian Austbø  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 10

E-post: fmropka@fylkesmannen.no

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Rogaland fylkeskommune	Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Fylkesmannen i Vest-Agder	Postboks 513	4605	Kristiansand S